

Notat:

Til: Hovudsamarbeidsutvalet

Frå: Prosjektleiar Prosjekt personal

I samband med skulebruksplanen vedtok Hovudsamarbeidsutvalet prosedyre for handsaming og rangering av overtalige pedagogisk personale ved dei vidaregåande skulane. Sentrale element er når ein skal bruke «Normalprosedyren» og unntak frå «Normalprosedyren» .

Skuleåret 2014/15

Skuleåret 2014/15 vart det teke utgangspunkt i unntaksprosedyren, dvs. handtering av overtalet i eit fylkesperspektiv.

Erfaringane frå stillingsplanarbeidet ved dei vidaregåande skulane våren 2014 viser at intensjonen i avtala er ikkje praktisk muleg å handtere i situasjonar med eit større overtal. I praksis har Prosjekt personal fungert omlag som eit innplasseringsutval.

Det er innan design og handverk og studiespesialisering med formgjevingsfag vi har eit overtal utover eit normalår. Prosjekt personal har føreteke ei forenkla rangering innan dei 2 nemnde faga, dei tilsette vert no varsla og startar på sitt avklaringsår.

Skuleåret 2015/16

Skuleåret 2015/16 er det mindre endringar i gruppetal, og Prosjekt personal arbeider for at «normalprosedyren» vert lagt til grunn i arbeidet med stillingsplanar. Dette inneber at innplassering og rangering vert føreteke på den enkelte skule, og ein eventuell overtalig ikkje vert omplassert ved anna skule utan at det er ledig stilling der. Unntaket vil vere dersom eit programområde fell vekk ved ein skule.

I tillegg må også eit avgrensa antal pedagogar framleis handterast i eit fylkesperspektiv ved stillingsplanarbeidet våren 2015.

Skuleåret 2016/17

Elevtaleprognosen tilseier nedlegging av eit større antal grupper skuleåret 2016/17, og det er behov for å finne alternative løysingar for overtalshandtering. På bakgrunn av dette vert det arbeidd med å setje ned eit partssamansett utval for å vurdere alternative modellar for handtering og rangering.